



Møtereferat

Bykle, 29.04.20

Utval Bykle Sokneråd
Møtedato 29.04.2020
Møtetid kl. 18:00
Møtestad webmøte Teams

Desse møtte

Kristine Borgen (sokneprest), Bernt Einar Berntsen (leiar), Signe Lillemo Mundal (nestleiar), Kristian Dypedal (medlem), Aud Hanna Standal Skagestad (medlem), Marianne Breivegen (medlem), Anne Margrete Malme Bjåen (medlem), Kjell Hagestad (1.vararepresentant).

Leiar i jubileumsnemnd, Else Gyro Rysstad, deltok i sak om 400-årsjubileum.

Forfall

Lars Erik Domaas (kommunens representant)

Opning v/Bernt Berntsen
Servering -

Sakliste

Innkalling vart godkjend.

Meldingssaker

001 Soknerådsleiar orienterte

- Årsmelding vert tilgjengelegjort på ny heimeside og sendt ut til dei som etterspør i papir

002 Kyrkjeverje orienterte

-

003 Sokneprest orienterte

- Drive-in-gudsteneneste 31.mai ved Bykle kyrkje kl 11.00
- Leggjast ut minigudsteneste på 20 min på facebookside til kyrkja 17.mai og litt meir
- Planlegg å gjennomføre besøk/opptak av andakt for alders- og sjukeheimar

Vedtaksaker

Sak 019/20 400-årsjubileum Bykle gamle kyrkje, korona

Vedtak

Jubileumsfeiring for Bykle gamle kyrkje utsett til 2021. Soknerådet ynskjer at jubileumsskriftet trykkast før sommarferien, og at skriftet sendast ut til alle husstandar i Bykle kommune snarast råd. Det informerast om utsetjing i jubileumsskriftet. Samrøystes.

Sak 020/20 Aktivitet i soknet, korona

Vedtak

Innspel frå soknerådet:

Friluftsgudstenester kan vere aktuelt, Byklestøylane camping, Hegni og utanfor Fjellgardane kyrkje er aktuelle stadar for lokalisering.



DEN NORSKE KYRKJA

Bykle sokn

Påskevandring/andaktsvandring i friluft kan vere aktuelt, til dømes for konfirmantar, men også fleire i kyrkjelyden. Finst opplegg for slikt som kan kjøpast.

Drive-in gudstenester

Dialog med alders- og sjukeheim ifht korleis gjennomføre andaktar
Samrøystes.

Sak 021/20 Informasjonsdeling frå kyrkja

Vedtak

Bykle sokneråd tek ikkje opp att utgjeving av kyrkjelydsbladet Vegleiaren. Soknerådet bed kyrkjeadministrasjonen ta kontakt med Bykle og Valle kommunar og gå i dialog om noko større plass, med fast layout, i bygdeblada i Bykle og Valle. I tillegg er Facebook og heimeside viktige digitale kanalar å bruke og utvikle vidare.

Samrøystes.

Info om komande møte

Soknerådsmøte onsdag 27.mai kl 18.00 på Teams

AU-møte tysdag 19.mai kl 19.00 på Teams

Bernt Einar Berntsen
Soknerådsleiar

Tor Hallvard Mosdøl
Kyrkjeverje

Adresse

Sarvsvegen 14
4754 Bykle

Tlf

37938570

E-post/Internett

post@bykle.kyrkja.no
www.bykle.kyrkja.no

Bankkonto / Org.nr

2835.20.04385
976 992 490